

Dalen i Sentrum

Organ for eit balansert dalføre – nr 11. Sept. 2008



ÅRETS FISKAR. Fiskesesongen (den lovlege) er over. Vi har diverre ikkje fått meldt inn så mange fangstane, noko som kan tyde på labert fiske. Vi tek med dette sjansen på at Oddbjørn Velle, det komande året kan titulere seg som, ”Årets Fiskar”, i Velledalen. I alle fall toppar han med ein rugg på 7,1 kg. På andre plass har vi Bjørn Asle Lade med ein på 5 kg – begge oppdrettsfiskar. Framom Brunstadbrua er det ikkje meldt om fangstar av blankfisk. P.S. Dersom nokon har større fiskar på samvitet så meld frå !.

HJORTEJAKT. Så er hjortejakta like om hjørnet. I 2007 var det Kjell Perry Drotninghaug som ”landa” største hjorten i dalen – ein bukk på drygt 120 kilo. ”Dalen i Sentrum” vil gjerne ha melding frå dalen sine mange skarpskodde jegerar om velretta skot på store dyr.

KRONÅR. Det er langt på veg slutt med potetdyrking i Velledalen. Men frå dei få som har, vert det meldt om store avlingar. Ja, retteleg eit kronår.

TURR VED. Telefonen har byrja kime med spørsmål om turr ved. Har du slik vare, eller veit du nokon som har, så meld frå. Kunngjering i DiS er rimeleg og effektiv marknadsføring.

SONGFUGLAR. Kjem du over nokon som syng (under eit tre eller andre stadar, faktisk kvar som helst) så meld frå til Velledalskoret. Dei treng fleire songarar – helst menn med djupe røyster og god forstand. Meld frå til Irene, Hanne, Kristbjørg eller 2 x Oddny, for å nemne nokre alternativ.

5 MILLIONAR. Dersom vi er flinke resten av året kan det gå mot ei omsetning på kring 5 000 000 kroner i Jokerbutikken i 2008. – Dette er positivt, men det er for tidleg å seie om drifta i 2008 kjem ut i pluss, slik den gjorde i 2007. ”Uforutsette” utgifter kjem brått i fanget, og når marginane er så små som hjå oss, skal det lite til før det bikkar feil veg, seier styreleiar i ViB, Petter Velle til DiS.

FLYT DU ? Dersom du er ein av dei som knappast flyt i vatn – grunt eller djupt - bør du ta turen til Velledalen Symjehall. Opning er 15.september, og det er verdt å merke seg ei endring i høve til tidlegare på laurdagane, og at det vert familiebadning sundagane frå 2.november. Tidene er slik:

Tysdagar: 1800-1945 Familiebadning 1945-2100 Damebadning
Torsdagar: 1800-1945 Familiebadning 1945-2100 Herrebadning
Laurdagar: 1300-1400 Babybadning 1400-1800 Familiebadning
Sundagar: 1400-1700 Familiebadning frå og med 2.november.

SEND BILETE. Det har kome helsing frå Filippinene, der temperaturen ikkje har vore under pluss 23 grader, dei tre åra Per Johannes Oen har budd der. Han skriv mellom anna: - Eg vil setje bra stor pris på alle STORE bilde frå det meste, frå landskap & miljø ”åvom” Fitjabrua. Så kom igjen og send – adressa er: per.johs@gmail.com

KJELLEN 4.OKTOBER. Klypa, med Kjellen Bigset og Palle, kjem til Velledalen grendahus 4.oktober i regi av ”Lag på Lag” (Merk av på kalenderen). Gå elles inn på smp.no, der du kan sjå videosnuttar av ”Kjellen på matfestival” og ”Kjellen tek over AaFK”. No vart det Rekdal som tok over AaFK, slik at vi trur Kjellen – som har nær 400 kampar for Hasundgot – no jaktar på andre klubbar. Det er nærliggande å tru at han i løpet av helga i Velledalen kjem til å gjere ein seriøs framstøyt mot FKS – der han kan vere truande til å ta full kontroll. Det vil seie A-trenar, styreleiar og saftblandar.

Meld nytt til DiS: atlehole@online.no og les for all del nettsida: velledalen.net



Per Johannes Oen bur standsmessig i Naga på Filippinene.



Området ved Svartevatnet er i ferd med å ta seg opp som utfartsområde. Biltete er teke søndag 07.09.08, då det var stor utfart i fjellheimen.

This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.
This page will not be added after purchasing Win2PDF.